# Meland kommune

Jarl Hansen
Hjelten 35
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Lillian Straumøy Brakstad | 13.05.2014 |
| Vår: 14/1967 - 14/7382 | lillian.s.brakstad@meland.kommune.no | |

# Godkjenning - løyve til oppføring av terasse på Flatøy, gbnr 1/188..

**Administrativt vedtak. Saknr: 123/2014**

**Saksutgreiing:**
Det vert vist til søknad motteke 30.04.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av terasse på gnr. 1 bnr.188 på Flatøy .

**Vurdering:**

Planstatus:
Eigedomen er i reguleringsplan for Flatøy vest – planid 125619890001- regulert til bustadområde.

Nabovarsling:
Tiltaket er nabovarsla 30.04.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:
Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteken 30.04.2014. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløysing og utsjånad:
Tiltaket har forsvarleg planløysing og er i samsvar med Pbl § 29-1.

**Vedtak**

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av terasse på gbnr 1/188 i samsvar med søknad motteke 30.04.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 30.04.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.
Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.
Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema <skriv vedtak her>

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Lillian Straumøy Brakstad<br>konsulent |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jarl Hansen | Hjelten 35 | 5918 | FREKHAUG |